

Mal for nettmøter

For at utprøving av nettet som arena for gruppediskusjonar skal fungere best mogeleg, så har vi nokre rammer:

1. Førebu deg til møtet ved å gå inn på nettstaden www.hsh.no/tpsvest. Her finn du informasjon om opplegget og du finn ein liten videosnutt som vil vere utgangspunkt for gruppedrøftingane
2. Din gruppeleiar/fasilitator vil ta kontakt med deg på førehand for å sjekke ut om du kjenner til programvara Adobe Connect, og vil invitere deg til ein liten prøve før det eigenlege møtet. Ta i mot dette tilbudet slik at både du og gruppeleiaren er trygge på at det fungerer teknisk .
3. I nettmøtet vil gruppeleiar/fasilitator leie møtet, dvs. vil leie gjennom dei ulike fasane i møtet og sørge for at alle kjem til orde. Grip gjerne ordet, men ver merksam på at det fungerer best når ein snakkar om gongen (her er det vanskeleg å snakke i munnen på kvarandre)
4. Møtet vil ha fleire fasar:
 - a. Velkomst
 - b. Presentasjon av deltakarar
 - c. Innleiing om siktemål med møtet
 - d. Hovuddrøftingar
 - e. Oppsummering og utvikling av læringsmål
 - f. Tilbakemelding om korleis opplevde møtet
 - g. Avtalar om arbeid fram til neste møte og tidspunkt for dette.
 - h. Takk for no!
5. Etter møtet følgjer du opp med individuelle studier i høve til dei læringsmål som gruppa saman og du sjølv har sett deg, og førebur deg til neste møte.

Til slutt etter dei to nettmøta:

6. No går gruppa saman om å lage eit fellesnotat om tverrprofesjonell samhandling. Meir informasjon om dette arbeidskravet blir lagt ut i forkant.